



Høring av regional plan for kompetanse og arbeidskraft

Fylkesutvalet i Hordaland har med heimel i plan- og bygningslova vedtatt å legge regional plan for kompetanse og arbeidskraft ut til høring og offentlig ettersyn. Planen skal være eit verkøy for å setje retning og samordne arbeidet med kompetanseutvikling i Hordaland. Hordaland står ovanfor store endringar i samfunns- og arbeidsliv på lik line med andre regionar både i Noreg og elles i verda. Dei store endringsdrivarane som globalisering, eldrebølgja, det grøne skifte og automatisering og robotisering vil setje nye krav til kompetanse. Regional plan for kompetanse og arbeidskraft skal ruste Hordalandssamfunnet til å møte desse endringane.

Overordna mål

Betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i Hordaland gjennom eit forpliktande samarbeid mellom næringslivet, offentlig sektor og utdanningsaktørane

Hovudmål

1. Arbeidslivet i Hordaland skal ha naudsynt kompetanse for å kunne møte framtidige omstillingsbehov
2. Arbeidslivet i Hordaland skal ha tilgang til tilstrekkeleg og relevant arbeidskraft for å kunne oppretthalde drifta og ekspandere etter behov
3. Innbyggjarane i Hordaland skal ha tilstrekkeleg tilgang til profesjonell, offentlig og gratis karriererettleiing, med vekt på karrierelæring, i den livsfasen dei er i.

Planforslaget og informasjon om planarbeidet ligg på nett:

<http://www.hordaland.no/nn-NO/politikk/du-kan-paverke/hoyring-for-regional-plan-for-kompetanse-og-arbeidskraft/>

Høring:

Innspel er velkomne og skal merkast 2014/17126 og sendast elektronisk til hfk@hfk.no eller til Hordaland fylkeskommune, postboks 7900, 5020 Bergen.

Høringsfrist er 19. juni 2017